

Lyntog no – for klima, arbeidsplassar og distriktsutvikling

Vedteke på SV sitt landsmøte 20. mars 2017

Klimaendringane tvingar oss til å handle – fort. Innan 2030 må utsleppa reduserast med minst 50 %, og det må fastsetjast eit mål om at Norge skal bli fritt for fossile utslepp innan 2040. Om lag ein tredjedel av utsleppa kjem frå transportsektoren, mellom anna frå ein flytrafikk i stadig vekst. Nordmenn flyg 10 gonger meir innanlands enn den jamne europear. I 2015 låg tre av Europas elleve mest trafikkerte innanlands flyruter i Norge. Desse var mellom Oslo og Bergen, Trondheim og Stavanger, som alle eignar seg for lyntog. Ei flyreise krev 8-10 gonger så mykje energi som ei togreise, og er blant transportmidla med dei høgaste utsleppa av klimagassar. I dag har vi ingen realistiske nullutsleppsløysingar for flytrafikk, medan lyntog er ein kjend teknologi som vi kan ta i bruk og som andre land allereie satsar på.

SV vil ha ei storstilt satsing på tog i heile landet. Vi vil ha planlegging av eit nytt lyntognett, nasjonalt og til nabolanda våre, inn i komande Nasjonal Transportplan (NTP). Det vil elektrifisere store deler av norsk samferdsel og slik bidra til kraftige kutt i norske klimautslepp. Det vil auke konkurransekrafta vår i omstillinga frå oljeøkonomi til grøn økonomi, og bør brukast til å utvikle naudsynt kompetanse innan klimavenlege materialar og byggeprosessar.

Lyntog er det einaste realistiske alternativet til fly på lange distansar. Føresetnaden er at reisetida vert drastisk redusert, samstundes som vi vert knytt til eit felles nordisk lynfartsnett og vidare ut i Europa. Internasjonale erfaringar viser at 80 % av dei reisande vil velje tog framfor fly dersom reisetida vert redusert til 2,5 time. SV har eit mål om 2,5 timars reisetid mellom dei største byane i Sør-Norge, og mellom dei skandinaviske hovudstadane.

Vi vil prioritere å ferdigstille bygginga av Intercity-strekningane, som ein første del av eit nasjonalt lyntognett. Nye strekningar må byggast med minst 250/300 km/t som fartsstandard for å kunne bli del av lyntognettet. Intercity-, regional- og langdistansetrafikk vil gjensidig kunne styrke kvarandre og gje auka tilbod med fleire avgangar. Integrering i lyntognettet vil også gjere Intercity meir lønsamt.

I tillegg til kort reisetid mellom byane vil moderne dobbeltspora banar dekke behovet for regional- og godstransport, og dermed redusere både utslepp, vegslitasje og ulukkerisiko knytt til biltrafikken. Det vil binde landet betre saman, bidra til regional utvikling og ha positive ringverknader for næringslivet. Vi vil også forlengje og styrke jernbanen i nord, og starte planlegging av jernbane til Tromsø.

SV vil flytte dei store pengane frå bygging av nye rullebanar og kostbare vegprosjekt til ei storstilt satsing på lyntog. Jernbanen skal ha same høve til langsiktig finansiering av utbyggingar som Avinor og bompengeselskapa, slik at kostnadene vert fordelte over levetida til investeringa. SV foreslår å øymerke ei flyavgift mellom dei største byane til ein eigen statleg lyntogetat, som får ansvar for utgreiing, planlegging og bygging av lyntogbanar i Norge. SV vil ha ein nasjonal plan for eit lyntognett der dei første strekningane er klare for vedtak om bygging i neste stortingsperiode.